

Faggruppe: Kartlegging av rutiner for val - knytt til komande kommuneval 2019  
Mandatet er gitt av: Prosjektleder nye Ålesund Astrid Eidsvik  
Versjon dato: 10.02.2018

Overordna styringsdokument «*Slik bygger vi nye Ålesund*» og dokumentet «*Felles føringar for alle delprosjekt i nye Ålesund*» ligg til grunn for faggruppa.

## 1 MANDAT FOR FAGGRUPPE KARTLEGGING RUTINER VAL

### 1.1 Bakgrunn og oppdragsomtale for denne faggruppa

Organiseringa av valarbeidet i samband med kommunevalet 2019 i nye Ålesund, er ei viktig oppgåve både politisk og administrativt. Det er snarleg behov for ei administrativ kartlegging for å legge eit godt grunnlag for dette arbeidet.

Det vert nedsett ei faggruppe som våren 2018 skal kartlegge kva rutinar som gjeld i dei einstilte kommunane.

### 1.2 Mål

#### 1.2.1 Effektmål

Kartlegging av valrutinene i kvar av dei fem basiskommunane, som gir tilstrekkeleg informasjon for å samordne valarbeidet fram mot kommunevalet 2019 i nye Ålesund.

#### 1.2.2 Resultatmål

Det skal utarbeidast ein kartleggingsrapport innan april 2018 som gir oversikt over rutinene for avvikling av val i dei fem basiskommunane. Rapporten skal gi oversikt over:

- Tal valkrinsar og inndelinga av desse
- Tal røystelokale og lokalisering av desse, opningstider m.m.
- Kvar basiskommune sine rutiner for førehandsrøysting, lokale som vert nytta, opningstider, ambulerande røysting m.m.
- Kvar basiskommune sine rutiner knytt til røystestyra, korleis desse vert oppnemnt, opplæring, godtgjersle m.m.
- Kvar basiskommune sine bruk av elektronisk manntal, korleis oppteljinga er organisert (kretsvis/sentralt) m.v.
- Eksisterande valutstyr i kvar basiskommune.

### 1.3 Organisering og ansvar

Faggruppa består av valansvarlege basiskommunane. Ålesund har to medlemmer i gruppa. Gruppa vel sjølv ein leiar/sekretær.

- Haram kommune: Elin Moen
- Sandøy kommune: Frank Harneshaug
- Skodje kommune: Solveig Kvamme
- Ørskog kommune: Åse Karin Gjære
- Ålesund kommune: Tove Flisnes Opskar og Kristin Torine Amdam

#### **1.4 Rapportering**

Rapportering skal skje i styringslinjene til prosjektorganisasjon for nye Ålesund kommune. Prosjektet rapporterer underveis til prosjektleiar/koordinator etter avtale.

#### **1.5 Framdriftsplan**

Delprosjektgruppa varer frå 12.02.18 til 01.05.2018

Etter at kartleggingsarbeidet er avslutta, må det skrivast sak til fellesnemnda der val av valstyre og delegasjon til valstyre vert teke opp. Dette kan skje i juni 2018, slik at valstyre og fellesnemnd kan vere klar for nødvendige politiske vedtak hausten 2018.

Etter dette vert det nedsett eit valstyresekretariat som skal ha det administrative ansvaret for samordning og gjennomføring av valet.

#### **1.6 Grensesnitt til andre delprosjekt eller grupper**

Delprosjekt A8 Matrikkel, kart og oppmåling ift. valkrinsar.

## **2 Relevante lenker, referansar og vedlegg**

Vallova med føresegner. Det er ute på høyring eit forslag til føresegn om gjennomføring av val til kommunestyre i 2019. Føresegna skal tre i kraft 01.05.2018.